

Søknad om plass i SFO, Bjerkreim skule skuleåret 2025/2026

Vi opnar for påmelding til neste skuleår 1. februar. Påmeldingsfrist for oppstart i august er 1. mars. Vi går i år over til eit timebasert tilbod kor de bestillar dei timane de ynskjer, og markerer klokkeslett for når barnet skal hentast eller gå heim.

Sidan SFO følgjer skuleruta så må alle elevar, både dei som no har plass og nye, meldast på for nytt skuleår. Dette skjer i føresettportalen via appen Min skole-foresatt, Visma eller ved bruk av PC. I appen klikkar du inn på føresettportalen som då opnar ein nettleser. Dei fleste opplever at app er det enklaste. For å bruke løysninga via PC, følgjer du denne lenkja:

[Innlogging for bjerkreim: Foresattportal](#)

Prisane for neste skuleår ligg ute på Bjerkreim skule sine heimesider under SFO. Prisen på tilboda er per mnd. i 10 mnd. Feriepakkar kjem i tillegg. Prisliste for feriepakkane ligg ute på Bjerkreim skule og Vikeså skule sine heimesider under SFO. Bjerkreim skule SFO følgjer skuleruta og har stengt i feriane og 6 planleggingsdagar. Ferietilbodet blir gitt på Vikeså skule. Merk at Vikeså SFO også er stengt planleggingsdagane. Syskenmoderasjon, 25%, gis til barn nr 2.

Elevar i 1. 2. og 3. trinn har eit gratistilbod på inntil 12 timar:

Nytt frå neste skuleår er at desse timane fritt kan bestillast når de ynskjer. De markerer klokkeslett for når barnet skal gå heim eller bli henta, for kvar vekedag. Ved for sein henting tilfaller gebyr. Dersom ein plass blir oppsagt i løpet av skuleåret, må det betalast for plassen ut oppseiingsmånden, samt påfølgjande månad. Brukarar av SFO har mulighet for kjøp av ekstra dagar.

SFOs opningstid er:

- morgon 07.00-08.00
- ettermiddag alle dagar 13.00-16.30
- onsdagar 11.45-16.30 for 1. trinn.

Er det noko de lurar på er det berre å ta kontakt med SFO-leiar via mail, <mailto:siwris@bjerkreimskular.no>, Visma-appen eller på SFO sin telefon: 48898162

Nærare informasjon om SFO som gjeld for neste skuleår legges ut på heimesida i juni.

Mvh Siw Renée Israelsson SFO-leider

